

Melding frå Fylkesdirektør Opplæring til Org.avdelinga, 3. februar 2015:

Resultatmål sjukefråver opplæringssektoren

I opplæringssektoren varierer sjukefråveret mellom dei ulike stillingsgruppene. Samla nærvær for sektoren var like under 95% i 2014. Resultatmålet for 2015 er å auke samla nærvær til 95%.

Miljøarbeidarar og reinhaldarar er dei gruppene innan i opplæringssektoren med høgast sjukefråver. Den største yrkesgruppa innanfor sektoren er pedagogane. I denne yrkesgruppa er sjukefråveret lågare enn 5%. I opplæringssektoren skal vi arbeide målretta og systematisk for å halde nede sjukefråveret blant pedagogane samstundes som det vert sett i verk tiltak retta spesielt mot dei to gruppene med høgast sjukefråver. Våren 2015 er det planlagd å setje ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide overordna IA-handlingsplan for sektoren for perioden 2015-2018.